



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 17.03.2016  
Vår ref.: 2014/12426-4  
Saksbehandlar: benutne  
Dykkar ref.:

## Endringar i rammeavtalen – 2016

Vedlagt følgjer saksgang og vedtak om rammeavtalen mellom Statens vegvesen Region vest og Hordaland fylkeskommune.

Vedlagt følgjer to eksemplar av rammeavtalen, underskriven av fylkesrådmannen. Vi ber om regionvegsjefen signerer og returnerer eitt eksemplar til oss.

John Martin Jacobsen  
seksjonsleiar

Bente Utne  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2014/12426-2

Saksbehandlar: Bente Utne

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	21/16	10.02.2016
Fylkesutvalet	38/16	24.02.2016
Fylkestinget	16/16	08.03.2016

**Endringar i rammeavtalen med Statens vegvesen****Samandrag**

Fylkesrådmannen legg her fram sak og framlegg til justert rammeavtale mellom Hordaland fylkeskommune (HFK) og Statens vegvesen Region vest (SVV), og nokre endringar i delegasjonsreglementet. Partane har hatt eit tett samarbeid i dette arbeidet, som er ein del at prosjektet «Samhandling innan vegområdet». Endringane er i all hovudsak av formell karakter og formalisering av dagens praksis.

**Forslag til innstilling**

- 1 Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale, slik at denne kan inngåast med verknad frå 2016.
- 2 Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i delegasjonsreglementet:
  - Fråvik i vegnormalane – skal-krav skal handsamast politisk
  - Oppgåver etter tunellsikkerheitsforskrifta – ny forskrift
  - Anmeldelse av hærverk – formaliserar SVV sitt ansvar
- 3 Fylkestinget ber om at rammeavtalen blir evaluert årleg.

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 11.02.2016**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, Sp, KrF, V, MDG, Frp og H fram slikt forslag:

"Endra punkt 3:

Fylkestinget ber om at Rammeavtalen blir evaluert årleg, og lagt fram for politisk behandling."

**Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag med Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale, slik at denne kan inngåast med verknad frå 2016.
2. Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i delegasjonsreglementet:
  - Fråvik i vegnormalane – skal-krav skal handsamast politisk
  - Oppgåver etter tunellsikkerheitsforskrifta – ny forskrift
  - Anmeldelse av hærverk – formaliserar SVV sitt ansvar
3. Rammeavtalen blir evaluert årleg, og lagt fram for politisk behandling.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

#### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale, slik at denne kan inngåast med verknad frå 2016.
2. Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i delegasjonsreglementet:
  - Fråvik i vegnormalane – skal-krav skal handsamast politisk
  - Oppgåver etter tunellsikkerheitsforskrifta – ny forskrift
  - Anmeldelse av hærverk – formaliserar SVV sitt ansvar
3. Rammeavtalen blir evaluert årleg, og lagt fram for politisk behandling.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2016**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

1. Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale, slik at denne kan inngåast med verknad frå 2016.
2. Fylkestinget godkjenner følgjande endringar i delegasjonsreglementet:
  - Fråvik i vegnormalane – skal-krav skal handsamast politisk
  - Oppgåver etter tunellsikkerheitsforskrifta – ny forskrift
  - Anmeldelse av hærverk – formaliserar SVV sitt ansvar
3. Rammeavtalen blir evaluert årleg, og lagt fram for politisk behandling.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 26.01.2016

### Bakgrunn

Gjeldande rammeavtale mellom Statens vegvesen Region vest (SVV) og Hordaland fylkeskommune (HFK) vart inngått då fylkeskommunen overtok «øvrige riksvegar» frå SVV i samband med regionreforma med verknad frå 01.01.2010. I denne saka legg fylkesrådmannen fram forslag til justert rammeavtale for Fylkestinget, herunder nokre endringar i delegasjonsreglementet.

### Prosjektet «Samhandling innan vegområdet» i 2015

Samferdselsavdelinga og Statens vegvesen har i 2015 hatt ein brei gjennomgang av samhandlinga mellom partane, der ein gjennomgang av rammeavtalen vore eitt av temaa.

SVV og HFK gått gjennom rammeavtalen og foreslår ein del endringar i justert rammeavtale. Det er gjort omlag 80 mindre og større endringar (ein del av desse er overlappende). Av dette er omlag 20 i rammeavtalen, omlag 10 i rolle- og oppgåvedelinga og omlag 50 i fullmaktsmatrisa. Juristar i SVV har komme med forslag til endringar ut frå sine erfaringar i perioden 2010-15.

### Endringar i justert rammeavtale

#### Generelle endringar:

- Kutta i tekst i vedlegga for å unngå gjentakning frå hovuddokumentet
- Fjerna henvisingar og historiske avhandlingar om overgangen til forvaltningsreforma i 2010
- Tatt ut vedlegg 3 «Rapport arbeidsgruppe regnskaps- og rapporteringssystem» som vart utarbeidd i samband med overtakinga i 2010
- Oppdatert rolle- og ansvarsmatrisa
- Ord/uttrykk/titlar oppdatert til dagens standard

#### Av endringane innan *styring og rapportering* kan nemnast:

- Nytt kapittel om styring av bompengepakkar og store prosjekt
- Kapittel om rapportering er utvida og presisert:
  - ✓ Krav om sluttrapportar for prosjekt over 10 mill kr
  - ✓ Rapportering av akkumulert forbruk for prosjekt som går over fleire år
  - ✓ Presisering av «vesentleg avvik» (utgangspunkt: avvik over 10% eller over 10 mill kr)
- Justeringar i rutinen med den årlege Leveranseavtalen
- Innføring av årshjul, med fristar for ulike oppgåver for HFK og SVV

#### Dei viktigaste endringane innan *planlegging*:

- Regional transportplan (RTP) 4+8 år
- HFK tar sterkare grep og til plandelen i Plan og byggeprogrammet og RTP
- Ny prosedyre for etablering og oppdatering av Leveranseavtalen

### Endringar i delegasjons- og fullmaktsreglementet:

Ein del av endringane som vert foreslått inneber endringar i delegasjons- og fullmaktsreglementet.

*Delegasjonsreglementet* omhandlar delegasjon frå Fylkestinget til politiske organ og til fylkesrådmannen. *Fullmaktsreglementet* gjeld i denne samanhengen delegasjon frå fylkesrådmannen til Statens vegvesen ved Regionvegsejefen (RVS).

- Nye fullmakter:
  - ✓ Fråvik frå vegnormal (sjå eige punkt under)
  - ✓ Oppgåver etter ny forskrift om tunnelsikkerheit: *Forskrift om minimum sikkerhetskrav til visse tunneler på fylkesvegnettet og kommunalt vegnett i Oslo (tunnelsikkerhetsforskrift for fylkesveg m.m.) av 10.12.2014 nr 1566*.
  - ✓ Anmeldelse av hærverk
  
- Endringar i Delegasjons-/fullmaktsreglementet:
  - ✓ Fullmakt til å ivareta fylkeskommunen sine interesser i KOFA i anskaffingar, foretatt på vegne av HFK
  - ✓ Fullmakt til å handsame og avgjere erstatningskrav retta mot HFK knytt til fylkesveg. Erstatningssum heva til 1 mill kr for kvart skadetilfelle (tidlegare kr 100.000).
  - ✓ Fullmakt til å avvisa/avslå eitkvart krav på erstatning når ein meiner at føresetnadane for erstatning ikkje er tilstades
  - ✓ Fullmakt til å forlenge foreldingsfrist samt fråfalle foreldingsinnsigelse med inntil 3 år for dei krav SVV har fullmakt til å avgjere. Alle saker av prinsipiell betydning skal leggjast fram for HFK til avgjersle uavhengig av kravet sin storleik.
  - ✓ Oreigningslova § 4: Vedtak om forundersøkingar (tidlegare ikkje spesifisert §)
  - ✓ Oreigningslova § 25: Fullmakt til å tvangsfullbyrde skjønn eller forhåndstiltredelse
  - ✓ Tinglysingslova § 38 b: Fullmakt til å bekrefte eigarforhold til veggrunn ved eigenerklæring (tidlegare ikkje spesifisert §)

Endringane er for ein stor del formalisering av dagens praksis.

### Fråvik frå vegnormalar

Alle søknader om fråvik på riks- og fylkesveg skal gå via Statens vegvesen, der fråviksnemnda handsamar desse. SVV har i brev av 24. juni 2013 tilrådd fylkeskommunane å utarbeide retningslinjer for korleis skal- og bør-krava i vegnormalane skal handsamast. Noverande praksis er at Statens vegvesen på vegne av Hordaland fylkeskommune har handtert fråviksakane administrativt i fråviksnemnda. Fylkesrådmannen foreslår å ta inn retningslinjer for handsaming av fråvikssaker i justert rammeavtale.

For fylkesvegar er mynde til fråvik i.h.t. forskrift til veglovas § 13 tillagt fylkeskommunen, men Statens vegvesen førebur fråvikssøknaden og gir anbefaling om vedtak (sams vegadministrasjon), før det vert sendt til fylkeskommunen for avgjerd.

Som hovudregel skal søknader om fråvik ferdigbehandlast før forslag til reguleringsplan vert lagt ut til offentleg ettersyn. Av handbøkene til Statens vegvesen kjem det klart fram at dersom det er naudsynt for å søka om fråvik for vegnormalane på eit seinare tidspunkt i planprosessen, skal fråviksaka vera ferdig handsama før utsending av konkurransegrunnlaget.

Andre fylkeskommunar: Sogn og Fjordane fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune har utarbeida retningslinjer for handsaming av fråviksakar, men dei har ulik praksis: Sogn og Fjordane: Alle fråvik vert sendt fylkeskommunen med tilråding frå den regionale fråviksnemnda, og vert politisk handsama. Rogaland: Skal-krav vert sendt til fylkeskommunen til avgjerd etter handsaming i vegvesenet si fråviksnemnd. Bør-krav vert avgjort av regionvegsejefen

I dei sakene der avvik frå vegnormaler og handbøker får stor økonomisk innverknad eller har presedens til framtidige saker bør HFK bli informert.

Fylkesrådmannen forslår at berre skal-krava vert handsama politisk, og at regionvegsjefen får fullmakt til å ta avgjerd i bør-krava.

#### **Vidare arbeid**

Ein legg opp til at rammeavtalen vert evaluert årleg i samarbeid mellom SVV og HFK.

#### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Fylkesrådmannen meiner det er viktig med jamlege evalueringar av avtalar, og ser denne gjennomgangen som en nødvendig opprydding i avtaleverket med SVV.

Fylkesrådmannen legg opp til at HFK og SVV saman årleg tar ein gjennomgang av rammeavtalen, og vurderer om det er behov for endringar/oppdateringar. Endringar i delegasjonsreglementet vert lagt fram for Fylkestinget.

Fylkesrådmannen vil vidare visa til at delegasjonsreglementet skal handsamast av kvart nytt Fylkesting i løpet av det første året i perioden. I denne saka vil også delegasjon på vegsektoren bli omhandla.

#### **Vedlegg:**

Rammeavtale Versjon 1.0 – 2016 med

vedlegg 1: Rolle- og oppgåvefordeling

vedlegg 2: Fullmaktstruktur